

Til forskings- og utdanningsinstitusjonar  
under Landbruksdepartementet

Oslo, 13.12.94

# **STATSBUDSJETTET 1996 - BUDSJETT- FRAMLEGG FRÅ FORSKINGS- OG UTDANNINGSINSTITUSJONANE**

## **INNLEIING**

Departementet gir med dette rundskrivet NLH, NILF, Planteforsk og NISK generelle retningsliner for desse institusjonane sine budsjettframlegg for 1996. Frist for innsending av budsjettframlegget er 1. mars 1995.

Landbruksnæringa står overfor utfordringar på fleire område. Eit hovudmål for landbrukspolitikken framover er å skape eit meir framtidsretta landbruk, som er meir robust i høve til å møte nye utfordringar og endringar i ramnevilkåra, jf. St.prp. nr. 8 (1992-93) og St.prp. nr. 1 (1994-95). Det er difor viktig å redusere kostnadsnivået i jordbruket, få ein meir konkurransedyktig omsetnad og foredling av jordbruksvarer og nytte ut nye høve til verdiskaping og næringsutvikling i og i tilknyting til landbruket. Departementet legg vidare stor vekt på å vidareføre omsynet til miljøet. Forskings- og utdanningsinstitusjonane under Landbruksdepartementet skal gjere sitt for at norsk landbruk utviklar seg i tråd med desse måla og blir meir framtidsretta.

Mål- og resultatstyring er eit viktig verkemiddel for å sikre effektiv ressursbruk og høg måloppnåing i forvaltning forskinga. Styringsprinsippet inneber at departementet overfor forskings- og utdanningsinstitusjonane fastset overordna mål og resultatmål samstundes som dei ulike verksemndene har stor fridom til å avgjere korleis måla skal bli nådd.

Ein viktig konsekvens av at målstyring er innført som styringsprinsipp i landbruksforsking, er at krava har auka når det gjeld å dokumentere resultat, for med det å vise kva for effekt dei ulike ordningane og verkemidla har hatt. Behovet for betre resultatdokumentasjon frå underliggende institusjonar og etatar har vore sterkt understreka i budjettrundskriv dei

siste åra. Forskings- og utdanningsinstitusjonane har i samarbeid med departementet formulert konkrete resultatmål og resultatindikatorar, jf. St.prp. nr. 1 (1994-95). Det vil bli lagt stor vekt på å følgje opp og utvikle resultatmål og betre systema for resultatdokumentasjon òg i arbeidet med budsjettet for 1996.

For departementet er budsjetttrundskrivet eit viktig styringsdokument som får fram grunnlagsmateriale til budsjettbehandlinga i departementet og som sikrar at alle forskings- og utdanningsinstitusjonane får den same informasjonen med omsyn til viktige styringssignal.

Forskings- og utdanningsinstitusjonane sine budsjettforslag, med klare målformuleringar og godt utvikla strategiar, er vidare viktige bidrag til styringsdialogen mellom departementet og dei underliggjande verksemndene.

I tillegg til måla for den einskilde institusjonen vil Landbruksdepartementet minne om dei generelle måla for forsking og utdanning slik dei kjem til uttrykk i innleiinga og under kategori 15.20 i St. prp. nr. 1 (1994-95). Det er viktig at desse måla blir lagde til grunn i utforminga av budsjettframlegg og rapport:

#### *Hovudmål*

Fremje produksjon og bruk av framtidsretta landbrukskunnskap i brei næringspolitisk samanheng i tråd med gjeldande landbrukspolitiske målsetjingar, samstundes som kvalitet og kritisk potensial i forsking og utdanning held internasjonale mål.

#### *Delmål*

1. Sikre ei forskingsbasert høgre utdanning i landbruksretta fag.
2. Vedlikehalde vilkåra for grunnforskinga i landbruksfaglege samanhengar.
3. Utvikle ein smidig og framtidsretta organisasjonsstruktur og verkemåte i dei landbruksfaglege institusjonane - i tråd med nasjonal forskings- og utdanningspolitikk.
4. Byggje ut og fremje koplinga mellom kunnskapsproduksjon og nærings- og bygdeutvikling.
5. Sikre landbruksforskinga samspel med og tilgjenge til den internasjonale forskingsfronten.

For å oppfylle politiske mål, må ein møte stramme budsjettrammer med omprioriteringar og nyttenking. Departementet ønskjer særleg at institusjonane forklarer korleis endringar i omgivnadene slår ut i endra vektleggingar og omprioriteringar internt i verksemda.

Av omsyn til arbeidet med å betre resultatrapporteringa er del II Rapport 1994 utforma som eit eige tilpassa vedlegg for kvar einskildinstitusjon (vedlegg 1).

## **BUDSJETTFRAMLEGGET FRÅ INSTITUSJONEN**

Budsjettframlegget frå institusjonen skal innehalde I. Mål og strategiar, II. Rapport for 1994 og III. Budsjettframlegg for 1996.

# I MÅL OG STRATEGIAR

## 1. INSTITUSJONEN SI ROLLE I SAMFUNNET

Avsnittet skal gje ein kort presentasjon av institusjonen der det primære er å gje eit bilet av oppgåvane og rolla til institusjonen i samfunnet. I tilknyting til dette bør ein òg presentere verksemdidéen eller visjonen til institusjonen.

Institusjonen skal i hovudtrekk skildre korleis ein trur at behova for institusjonen sine tenester vil utvikle seg dei nærmaste åra og kva for konsekvensar dette bør få for verksemda med omsyn til vektlegging av mål- og satsingsområde.

## 2. MÅL

Institusjonen skal her gjere greie for dei overordna måla/ hovudmåla. I utforminga av måla bør ein legge vekt på samfunnseffekten av verksemda til institusjonen. Når det gjeld framlegg til konkrete resultatmål for 1996, viser ein til pkt. III, 2 nedafor.

## 3. SKILDRING AV TILSTANDEN

Avsnittet skal gje ei framstilling/analyse av tilstanden innafor institusjonen sine verksemdområde. Framstillinga/analysen skal ta utgangspunkt i måla som institusjonen har for verksemda.

## 4. FRAMTIDIGE BEHOV FOR INSTITUSJONEN SINE TENESTER

Institusjonen skal i hovudtrekk skildre korleis ein meiner at behova for institusjonen sine tenester vil utvikle seg dei nærmaste åra og kva for konsekvensar dette bør få med omsyn til vektlegging av mål- og satsingsområde.

## 5. STRATEGIAR

Institusjonen skal legge fram dei strategiane som er lagt til grunn for verksemda. Strategiane skal ha ei klar forankring i institusjonen sine mål, samstundes som dei tek utgangspunkt i realistiske ressursrammer.

Det er viktig at strategiane synleggjer korleis institusjonen har tenkt å kome frå nåtilstand, jf. pkt. 3,0, til den tilstanden i framtida som ein ønskjer, jf. pkt. 2.

Landbruksdepartementet vil òg be om at institusjonen legg fram strategiar på område med behov for endring, jf. pkt. 4.

## II RAPPORT 1994

Sjå vedlegg 1 for den einskilde institusjonen.

## III BUDSJETTFRAMLEGG

Budsjettframlegget skal på vanleg måte femne om alle utgifter og inntekter som kjem til kontant utbetaling eller innbetaling i budsjettåret, og framlegget skal bygge på forventa prisnivå i 1995. Forventa prisstigning i 1996 vil bli innarbeidd av departementet.

Budsjettoppstillinga skal berre spesifiserast på postnivå.

Retningsliner for statsbudsjettet for 1996 er enno ikkje utforma av Finansdepartementet. Landbruksdepartementet tek difor visse etterhald m.o.t. opplysningane nedafor. Endringar i føresetnadene eller behov for tilleggsdata vil departementet eventuelt kome attende til.

Landbruksdepartementet viser til brev av 12.10.94 til institusjonane (gjeld ikkje NLH) om «statlig finansiering av forskningsinstitutter - retningslinjer og oppfølging». Som eit ledd i arbeidet med å tilpasse desse retningslinene til forskingsinstitutta, ber vi om at NILF, Planteforsk og NISK i budsjettframlegga sine gjer greie for korleis dette kan gjerast.

### 1. PRIORITERINGAR OG SATSINGSOMRÅDE FOR BUDSJETTÅRET 1996

#### 1.1 PRIORITERINGAR INNAFOR UENDRA BUDSJETTRAMME

Under punktet skal institusjonen leggje fram og grunngi kva for oppgåver og verksemdområde som vil bli styrkt og redusert innafor eit uendra driftsbudsjett (post 01 og 11) i høve til tildelinga for 1995. Ein bør leggje opp til ein særskild omtale av viktige satsingsområde. Departementet vil be om at omprioriteringane blir oppsummert i ein tabell som vist nedafor. I tabellen må det òg gå fram kor stor effektiviseringsgevinst ein legg til grunn i 1996, jf linje III i tabelloppsettet. Beløpet blir gitte opp i mill. kr med 1 desimal.

	Oppgåver	Verksemdområde	(mill. kr)
			Auke/reduksjon
I. Auka ressursbehov	(Spesifiserast) " "	(Spesifiserast)	+ + +
II. Redusert ressursbehov	(Spesifiserast)	(Spesifiserast)	- - -

III. Effektivisering		-
Uendra driftsbudsjett		0

## 1.2 PRIORITERINGAR INNAFOR EI REDUSERT BUDSJETTRAMME

Under dette punktet skal institusjonen gjere framlegg om reduksjonar som samla utgjer 3% i høve til tildelinga for 1995. Ein ber om at dei oppgåvane som får redusert ressursbruken blir summert opp i ein tabell som vist nedafor.

	Oppgåver	Verksemdområde	(mill. kr)
Redusert ressursbruk	(Spesifiserast)	(Spesifiserast)	-
	"	"	-
	"	"	-
Redusert driftsbudsjett			- (3%)

## 1.3 TILLEGGSFramLEGG

Institusjonen har utover ei ressursramme lik tildelinga i 1995, høve til å legge fram tilleggsframlegg. Tilleggsframlegga må ha bakgrunn i heilt særskilde behov/reformer som ikkje er dekt inn i tildelinga.

Desse hovudpunkta må ein omtale i tilleggsframlegget:

1. Formålet med tiltaket
2. Vurdering av behovet
3. Nærare om det konkrete framlegget, vurdering av kostnad og i kva grad det er mogleg å *omdisponere innafor eksisterande ramme*
4. Vurdering av nytte/ kostnad
5. Kva for resultat ein ventar at tiltaket skal gje innafor ei avgrensa tidsramme og korleis dette kan bli målt

Departementet vil elles vise til at institusjonen kan få auka ressursrammene gjennom meirinntekter. Det er generelt lettare å få gjennomslag for tilleggsframlegg mot meirinntekter enn tilleggsframlegg utan inndekking. Vi vil òg be om at post 21 blir budsjettert så realistisk som mogleg og at budsjetteringa blir sett i høve til siste tilgjengelege rekneskapstal.

Landbruksdepartementet vil framleis disponere løyvingar sentralt under kap. 1100, postane 45 Store nyinkjøp og 46 Ekstraordinært vedlikehald. Institusjonen kan i eigen søknad til

departementet søke om midlar til relevante prosjekt. Søknad om slike midlar må ein sende departementet innan 1. mars i budsjetterminen.

## 1.4 STILLINGAR

Skjemaet for organiserte stillingar pr. 01.01.95 skal fyllast ut, jf. vedlegg 2. Vi ber institusjonane gruppere stillingane etter dei stillingskategoriane som er nytta i St.prp. nr. 1 (1994-95).

Det er uheldig dersom stillingstalet i statsbudsjettet ikkje gir eit rett bilet av talet på stillingar som er i bruk. Landbruksdepartementet ber i denne samanhengen òg om ei vurdering av om institusjonen har fleire stillingsheimar enn det som ein treng i 1996.

Eventuelle framlegg om nye stillingsheimar (alle grupper) eller framlegg om omgjering av/til gruppe I stillingar må ein ta opp særskild i institusjonen sitt budsjettframlegg.

Dersom institusjonen i 1996 har behov for fleire stillingsheimar til oppdragsforsking/oppdragsverksemd under post 21, ber departementet om at dette blir forklart særskild.

## 2. RESULTATMÅL

Departementet ønskjer betre dokumentasjon av resultata av verksemda i institusjonane, særleg m.o.t. samfunnseffektar. Utforming av konkrete resultatmål og tilhøyrande resultatindikatorar er eit nødvendig steg i den prosessen.

I budsjettproposisjonen for 1995 er det presentert resultatmål og resultatindikatorar for institusjonen. Institusjonen kan i budsjettframlegget òg gjere framlegg om nødvendige justeringar av resultatmåla og/ eller -indikatorane eller gjere framlegg om viktige nye resultatmål og tilhøyrande resultatindikatorar.

## 3. INNTEKTER

Alle inntektene må ein budsjettere så realistisk som mogleg, og i nødvendig grad sjåast i samanheng med nivået på utgifter som er knytt til desse. Reduserte inntekter vil normalt føre til ein tilsvarande reduksjon på utgiftssida. Dersom ein ventar at inntektene vil gå ned, er det difor viktig at verksemda vurderer nærare korleis ein kan kompensere for inntektsbortfallet.

Landbruksdepartementet ber institusjonen vurdere tiltak som kan gje auke i inntektene. Dette er viktig med omsyn til budsjettbalansen for Landbruksdepartementet totalt og med tanke på ordningar som gir institusjonane auka økonomisk handlefridom.

I denne samanhengen skal institusjonen vurdere i kva for grad

- ◊ institusjonen kan ta betalt for/ auke prisen for tenester og andre produkt som institusjonen leverer
- ◊ institusjonen kan legge avgift på/ auke avgifta på andre oppgåver som institusjonen gjer
- ◊ institusjonen kan auke omfanget av oppdragsforsking/oppdragsverksemd i høve til omfanget av slik verksemd i dag

## PRAKTISKE SPØRSMÅL

Budsjettframlegget med vedlegg skal oversendast Landbruksdepartementet ved **Administrasjons- og økonomiavdelinga i 4 eksemplar innan 01.03.95.**

Vi gjer merksam på at institusjonane sine budsjettframlegg er offentlege dokument, og at desse blir sendt Stortinget som ikkje trykte vedlegg til St.prp. nr. 1. Departementet vil oppmøde institusjonane til å skrive budsjettframlegget på nynorsk og viser til norma som er nytta i St.prp. nr. 1 (1994-95).

St.prp. nr. 1 er Regjeringa sitt budsjettframlegg, og departementet tillet ikkje at institusjonane uoppfordra går direkte til Stortinget med budsjettsaker.

Med helsing

Terje Jensen e.f.

Magne Gautefall

## Vedlegg 1

### RAPPORT 1994 FOR NLH

#### 1 INNLEIING

NLH har i samarbeid med departementet, arbeidd med å betre rapporteringa frå verksemda til høgskolen. I budsjettproposisjonen for 1994 og 1995 (under kat. 15.20 og kap. 1124), er dette arbeidet ført vidare ved at det er blitt formulert konkrete resultatmål for høgskulen.

Indikatorane i budsjettproposisjonen er i stor grad samanfallande med dei indikatorane departementet ba om rapportering på i budsjetttrundskrivet i fjar.

#### 2 FINANSIERING

I dette avsnittet skal NLH gi opp og kommentere korleis høgskulen har skaffa seg midlar til drifta. Departementet ber om at NLH nytter følgjande tabell til dette (same tal som blir nytta i FIOL):

Tabell 1. Finansieringskjelder

År	Ordinære midlar over statsbudsjettet		Forskningsrådet		Andre finansieringskjelder		Totalt
	Beløp	%	Beløp	%	Beløp	%	Beløp
1993							
1994							

#### 3 RESSURSINNSATS

Rapporten skal gi eit samandrag av ressursinnsatsen i høve til verksemplanner/ årsplanen til høgskulen for 1994.

Rapport om ressursinnsatsen for 1994 skal i det heile vere basert på FIOL. Departementet forventar at rapporteringa vil vere fullstendig for alle institusjonane/institutta.

Departementet venter seg at NLH nyttar tidsseriar for å få fram utviklinga i ressursbruken innafor dei ulike verksemdområda over tid. Institusjonen sitt ressursforbruk blir delt inn etter dei ulike verksemdområda og etter forskingsinnsatsen innafor både nasjonale satsingsområde, fagområde og dei sektorprioriterte satsingsområda i tabell 2 og i FIOL.

##### 3.1 Ressursinnsats på ulike område av verksemda

Departementet ber høgskulen rapportere ressursforbruket etter inndelinga i tabell 2.

Tabell 2: Ressursinnsats fordelt på verksemdområda

	1993 Beløp	1994 Beløp
Forsking		
Kandidatutdanning		

Forskarutdanning		
Anlegg for:		
- gardsdrift		
- drift av andre forsøksanlegg		
Internasjonale konsulenttenester		
Klinikkverksemnd		
Rådgj./anna fagleg verksemnd		
Sum verksemnd		
Intern administrasjon i fagavd./inst.		
Intern adm. i adm.avd.		
Tekniske støttefunksj.		
Sum interne aktiviteter		
SAMLA RESSURSINNSATS		

Ressursinnsatsen innafor undervisningsområda blir rekna ut på grunnlag av tidsforbruket hos vitskapleg og teknisk/administrativt personale. Til dette legg ein til den delen av driftskostnadene som hører til dette området av verksemda.

Opplæring/eigenutvikling og hjelpe- og støttefunksjonar blir knytt til den interne administrasjonen i både fagavdelingane og administrasjonsavdelinga.

Permisjon og sjukdom går inn i årsverkinnssatsen på dei einskilde verksemdområda.

### 3.2 Ressursinnsats, forsking

Ressursinnsatsen i 1994 fordelt på dei einskilde *nasjonale satsingsområda* innafor forskinga, *Landbruksdepartementet sine satsingsområde og fagområde miljøforskning* skal NLH berre rapportere i FIOL.

All ressursinnsats, og ressursinnsats knytt til eksternt finansiert verksemnd (medrekna arbeid for trygd) skal takast med i FIOL. Den samla ressursinnsatsen skal ein gi opp i 1000 kr.

## 4 RESULTAT

NLH skal omtale resultatata i 1994 i forhold til måla som er omtalte i St.prp. nr 1 for 1994 og institusjonane sin målstruktur elles. Store avvik i forhold til planlagte resultat i verksemndplanen må ein kommentere.

Ressursutnyttinga (forholdet mellom ressursbruk og resultat) bør ein rapportere i form av einskilde nøkkeltal.

## 4.1 Undervisning

### 4.1.1 Tal på heilårige studentar

NLH skal utvikle tidsserier for alle områda innan utdanning. Landbruksdepartementet legg difor opp til rapportering på det gjeldande året for rapportering (1994), inneværende år (1995) og prognoseår (1996).

*Tabell 3. Tal på studentar (kandidat-, forskar- og etterutdanning)*

Utd.kategori	Tal på søknadar 94	Opptak			Uteksaminerte kandidatar			Totalt studenttal		
		94	95	96	94	95	96	94	95	96
Cand.agric./siv.ing.										
Cand.mag.										
Forskarutd.										
Etterutd.										

I tillegg til det som står i tabellen over, ber departementet om at høgskulen gir opplysningar om fordeling på kjønn og om andel studentar frå Nord-Noreg. Departementet ber også om opplysningar om opptak og totalt studenttal pr. studieretting.

### 4.1.2 Utrekning av studentkostnad og produktivitet

Høgskulen skal rapportere kostnadar pr. student totalt. Følgjande prinsipp skal ligge til grunn for utrekning av studentkostnadane for høgskulen:

*Summen av ressursinnsats på verksemdområdet undervisning og den relative delen av ressursinnsatsen på interne aktivitetar blir delt på totalt studenttal etter omrekning til talet på heilårige studentar.*

### 4.1.3 Gjennomstrøyming og karakternivå

Departementet ønsker særskilt rapportering av effektivitet og kvalitet i tillegg til hovedtala for produksjon. Høgskulen skal difor rapportere særskilt på indikatorane:

*Gjennomsnittleg studietid, prosenttal for gjennomføring og gjennomsnittskarakter.*

NLH skal utarbeide tidsserier for indikatorane, samt for samanlikninga sin del, eiga kolonne for normert tid på det aktuelle studiet.

*Tabell 4: Gjennomstrøyming og karakternivå*

	Normert studietid	Gjennomsnitt studietid		Gjennomsnitt karakter		Gj. føring %*	
		1993	1994	1993	1994	1993	1994
Cand. agric siv.ing.							
Cand.mag							
Dr. scient							
Dr. agric.							

\*Prosentvis tal av studentar som har gjennomført på ordinær studietid.

## 4.2 Forsking, forskarrekryttering og formidling av forsking

### 4.2.1 Grunnforskning og forskarrekryttering

Dette avsnittet skal gi ei beskriving av innsatsen i grunnforskning/forskarrekryttering i 1994 og kva for tiltak/prosjekt som har vore av verdi for utviklinga av grunnforskingsa.

### 4.2.2 Høg kvalitet og kompetanse innan forskinga

Høg kvalitet og kompetanse innan forskinga er eit resultatmål for NLH og den øvrige forskinga i landbruket, jf. St.prp. nr. 1 (1993-94). NLH skal rapportere på følgjande indikatorar under resultatmålet:

- Talet på artiklar i internasjonale tidsskrift med ordning for omdømming.
- Talet på prosjekt i samarbeid med utanlandske forskingsmiljø.
- Talet på publikasjonar, opplag og sal.

### 4.2.3 Auka formidling av kunnskap til samfunn og næringsliv

Det er satt som resultatmål for høgskulen at kunnskapsformidlinga til samfunn og næringsliv gjennom populærvitenskaplege artiklar og anna kunnskapsformidling, skal aukast. Departementet ber difor om rapportering på følgjande indikatorar:

- Talet på populærvitenskaplege artiklar
- Talet på foredrag
- Talet på intervju i media

## 4.3 Effektivisering og kvalitetssikring (Noregsnettet, internasjonalisering)

Departementet ser på Noregsnettet og internasjonalt samarbeid om forsking og utdanning som viktige virkemiddel for effektivisering og sikring av kvalitet av høgare utdanning, og legg opp til fortsatt rapportering på desse områda.

### 4.3.1. Auka utveksling av studentar, stipendiatar og forskarar med utlandet

For resultatmålet skal NLH rapportere på desse indikatorane:

- Talet på studentar, stipendiatar og gjesteforskarar frå NLH som har opphold utover 1 mnd. i utlandet.
- Talet på utanlandske studentar, stipendiatar og gjesteforskarar frå utlandet som har opphold utover 1 mnd. ved høgskulen.

### 4.3.2 Utvida deling av arbeid mellom institusjonane innan forsking og utdanning

Det er satt som resultatmål at NLH skal utvide delinga av arbeidet med universitet og høgskulesentra. NLH skal derfor rapportere på følgjande indikatorar:

- Talet på studentar tatt opp ved høgare årstrinn.

### 4.3.3 Auka effektivisering av kandidatutdanninga

Følgjande indikatorar inngår i rapporteringa på dette målet:

- Delen av sjøstudium i studiet
- Kapasitet på feltkurs

#### **4.3.4 Konkrete tiltak for effektivisering**

NLH skal her gi ei omtale av dei effektiviseringstiltaka som høgskulen har gjennomført og satt i gang i 1994.

### **4.4. Satsingsområda**

Departementet ønsker god rapportering på satsingsområda. Vi ber høgskulen spesielt vere medviten om forholdet mellom satsingsområda og institusjonen sine verksemdområder, ved å rapportere på kva som er blitt gjort innafor det einskilde verksemdområdet av kvart satsingsområde. Under omtalen av satsingsområda skal NLH vise til rapporteringa i FIOL. Verksemd utanom forsking, som er relevant i denne samanhengen, skal ein òg omtale, og ressursbruken knytt til desse områda skal ein oppgi i 1000 kr.

#### **4.4.1. Forsking innan miljø og ureining**

Under punktet skal ein omtale forsking og andre aktivitetar som heilt eller delvis har si grunngjeving i den overordna målsettinga om å sikre ei berekraftig utvikling. NLH må kunne avleie føremålet med aktivitetane fra hovudmåla som er spesifisert i St.meld. nr. 46 (1988-89) «Miljø og utvikling». Aktivitetar på andre hovudområde der omgrepene miljø førekjem, skal ein ikkje rekne med, til døme indre miljø og ordinære helsetiltak.

#### **4.4.2. Internasjonalt samarbeid om forsking og utdanning**

Under dette punktet skal høgskulen omtale dei internasjonale engasjementa til NLH innan forsking og utdanning, òg deltaking på seminar/konferansar, avtaler om samarbeid, avtaler om utveksling, samarbeid om prosjekt, samarbeid om program o.l.

#### **4.4.3 Forsking innan havbruk**

Under punktet skal ein omtale FoU i samanheng med alle former for kulturbetinga produksjon av fisk og andre akvatiske organismar til mat og andre formål i sjø, brakkvatn og ferskvatn.

#### **4.4.4 Forsking innan næringsmiddel**

Under dette punktet skal ein omtale høgskulen sitt engasjement på forsking innan næringsmiddel.

#### **4.4.5 Bygde- og næringsutvikling i distrikta**

Det er satt som resultatløp at NLH skal bli den leiande institusjonen i Noreg på satsingsområdet i løpet av 4 år. NLH skal ut frå dette rapportere særskilt på følgjande indikatorar:

- Vekttal innan området
- Tal på studentar som tar hovudfag innan feltet.

Landbruksdepartementet ber om at høgskulen tek del i vidareutviklinga av gode indikatorar for satsingsområda under Kat. 15.20 «Utdanning og forskning» m.m. i St.prp. nr.1 (1994-95) slik at indikatorane kan gi eit godt bilet av utviklinga innan områda.

## Vedlegg 1

### RAPPORT 1994 FOR NILF

#### 1 INNLEIING

Landbruksdepartementet ber NILF om i så stor grad som mogleg å rapportere på resultatindikatorane slik dei framgår nedanfor, og som skissert i St.prp. nr. 1 for budsjetterminen 1994.

#### 2 FINANSIERING

I dette avsnittet skal NILF kort kommentere korleis ein har skaffa midlar til drifta.

*Tabell 1: Finansieringskjelde*

År	Ordinære midlar over statsbudsjettet		Forskningsrådet		Andre finansieringskjelder		Totalt
	Beløp	%	Beløp	%	Beløp	%	Beløp
1992							
1993							
1994							

#### 3 RESSURSINNSATS

Rapporten skal gi eit samandrag av ressursinnsatsen i.f.t. institusjonen sin verksemndplan/årsplan for 1994. Landbruksdepartementet har arbeidd med forbeteringar og forenklingar av databasen FIOL. Departementet ventar at opplysningane som blir fylde ut i det standardiserte tabelloppsettet blir henta frå FIOL. Den informasjon som departementet elles får gjennom FIOL-rapporteringane skal ikkje rapporterast her.

##### 2.2.1 Ressursinnsats, virksomhetsområde

Departementet ønsker på samme måte som i fjor ein detaljert og spesifisert inndeling i verksemdområde. Formålet er å betre oversikten over ressursbruken i verksemda. Departementet ber NILF rapportere ressursbruken etter inndelinga i tabell 2:

*Tabell 2: Ressursinnsats fordelt på verksemd og årstall*

	1993 beløp	1994 beløp
Forsking		
Kandidatutdanning		
Forskarutdanning		
Anlegg for:		
- gårdsdrift		
- drift av andre forsøksanlegg		
Internasjonale konsulenttenestar		
Klinikkverksemd		
Rådgivn./anna fagleg verksemd		

Sum verksemd			
Intern administrasjon i fagavd./inst.			
Intern adm. i adm.avd			
Tekniske støttefunksj.			
Sum interne aktivitetar			
Samla ressursinnsats			

Ressursinnsats på undervisningsområda blir rekna ut på grunnlag av tidsbruken hos vitskapleg og teknisk/administrativt personale. Til dette legg ein til ein høveleg del av dei driftskostnadane som er felles.

Opplæring/eigenutvikling og hjelpe- og støttefunksjonar må knyttast til den interne administrasjonen i henholdsvis fagavdelingane og administrasjonsavdelingen. Permisjon og sjukdom går inn i årsverksinnsatsen innan dei enkelte verksemder. Verksemde saman med forklarande tekst er lagt inn i forklaringane til FIOL.

### **2.2.2. Ressursinnsats, forsking**

Ressursinnsatsen i 1994 fordelt på dei enkelte *satsingsområda* innan forskinga blir henta ut gjennom FIOL.

## **3 RESULTAT**

Dei resultata som er oppnådde i 1994 skal omtalast i forhold til dei mål og oppgåver som er skildra i St.prp. nr. 1 for 1994 og institusjonen sin målstruktur elles. Store avvik i.f.t. planlagde resultat i virksomhetsplanen må kommenterast.

Ressursutnyttinga (forholdet mellom ressursbruk og resultat) bør rapporterast i form av enkelte nøkkeltall.

### **3.1 FORSKING, FORSKERREKRUTTERING OG FORSKINGSFORMIDLING**

#### **3.1.1 Utreiings- og forskingskompetanse**

Departementet ber om at det blir gitt opp kor mange forskingsoppdrag og utreiingsoppdrag institusjonen totalt har teke på seg i 1994.

#### **3.1.2 Grunnforskning og forskarrekruttering**

Avsnittet skal gi ei omtale av innsatsen i grunnforskning/forskarrekruttering i 1994 og kva for tiltak/prosjekt som har vore viktige for utviklinga av grunnforskninga.

#### **3.1.3 Forskningsformidling**

Departementet ønsker at den vitskaplege formidlinga skal bli prioritert. Rapporteringa frå forskningsformidlinga skal femne om tallfesting av vitskapleg formidling generelt (vitskaplege monografiar og artikler i vitskaplege tidsskrift) og artiklar i vitskaplege tidsskrift med omdømmingsordning spesielt. Det er utarbeidd rapport i FIOL for innhenting av informasjon om vitskapleg publisering.

### **3.2 EFFEKTIVISERING OG KVALITETSSIKRING (NOREGSNETTET, INTERNASJONALISERING)**

Departementet ser på Noregsnettet og internasjonalt forskingssamarbeid som viktige verkemiddel for effektivisering og kvalitetssikring av forskinga. Det er nødvendig å utvikle tidsseriar på områda.

#### **3.2.1 Forskingssamarbeid: Resultatindikatorar for nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid**

Det er utvikla felles indikatorar for forskingsinstitusjonane for å styrke rapporteringa på forskingssamarbeid. Departementet ber om rapport på følgjande indikatorar:

- Talet på prosjektsamarbeid med utenlandske institusjonar
- Talet på prosjektsamarbeid med andre forskningsinstitusjonar i Noreg
- Talet på forskarar frå institusjonen som har opphold ved utanlandske institusjonar i meir enn 1 månad
- Talet på utenlandske forskarar som har opphold ved institusjonen i meir enn 1 månad.

#### **3.2.2 Kvalifikasjonar/stillingar**

- Talet på doktorgradar, gjennomstrøymingsfart

### **3.3 LANDBRUKSDEPARTEMENTETS SATSINGSOMRÅDE**

Departementet har behov for betre rapportering på *utvalde* satsingsområde. Det er utvikla eit felles sett resultatindikatorar for institusjonane til bruk på aktuelle satsingsområde. Indikatorane er meint å fange satsingsområdet sin profil og status på sentrale (verksemd)område.

#### **3.3.1 Miljø- og forureiningsforsking**

Under dette avsnittet skal det bli gitt ei særskild omtale av institusjonen si miljøsatsing i 1994. Ein reknar med forsking og andre aktivitetar som heilt eller delvis har si grunngjeving i den overordna målsetjinga om å sikre ei berekraftig utvikling. Formålet med aktivitetane må ein kunne avleie av hovudmåla som er spesifiserte i St.meld. nr. 46 (1988-89) «Miljø og utvikling». Aktivitetar på andre hovudområde der omgrepene miljø forekjem skal ikkje reknast med, f.eks. indre miljø og ordinære helsetiltak. Det blir bede om at innsatsen på miljøområdet blir fordelt på verksemder i ein tabell tilsvarende tabell 2 foran.

Verksemd utanom forsking som er relevant i miljøsammenheng skal òg beskrivast, og ressursbruken knytt til denne verksemda skal NILF gi opp i 1000 kr.

#### **3.3.2 Bygdeutvikling/næringsutvikling**

NILF skal gi særskilt omtale av institusjonen si satsing på området i 1994. Departementet ber om at innsatsen innan bygdeutvikling/næringsutvikling blir fordelt på verksemder i ein tabell tilsvarende tabell 2 over.

#### **3.3.3 Felles sett indikatorar for utvalgte satsingsområde**

Departementet ber med dette NILF rapportere satsinga innan miljø- og forureiningsforsking og bygdeutvikling/næringsutvikling og eventuelle andre satsingsområde under institusjonane,

etter følgjande indikatorar:

### **Forsking**

- Talet på egenfinansierte og delfinansierte prosjekt med ressursinnsats i 1000 kr
- Talet på søknader til forskingsprogram som er godkjente innan satsingsområdet, ressursinnsats
- Talet på oppdrag, ressursinnsats
- = Totalt tal på prosjekt og sum ressursinnsats.

### **Formidling**

- Talet på artiklar i norske og internasjonale tidsskrift med bedømmingsordning
- Talet på populærvitenskaplege artiklar
- Talet på foredrag
- Talet på intevju i media
- Opplag og talet på solgte eksemplar av institusjonen sine publikasjonar.

# VEDLEGG 1A TIL BUDSJETTRUNDSKRIVET FOR 1996 TIL PLANTEFORSK

## RAPPORT 1994 FRÅ SPV

### 1. INNLEIING

Rapportdelen av Planteforsk/SPV sitt budsjettframlegg for 1996 må utviklast vidare for å tilpasse rapporteringa frå SPV i 1994 til det arbeidet som er nedlagt i å formulere resultatmål og resultatindikatorar for SPV. Landbruksdepartementet ber Planteforsk/SPV om i så stor grad som mogleg å rapportere på resultatindikatorane for SPV slik dei har framgått i budsjettet for 1994.

### 2. FINANSIERING

Planteforsk/SPV skal angi og kommentere korleis institusjonen har skaffa midler til drifta ved hjelp av følgjande tabell:

Tabell 1: Finansieringskjelder

År	Ordinære midler over statsbudsjettet		Forskningsråda		Andre finansieringskjelder		Totalt
	Beløp	%	Beløp	%	Beløp	%	
1992							
1993							
1994							

### 3. RESSURSINNSATS

Rapporten skal gi eit samandrag av ressursinnsatsen i.f.t. institusjonen sin verksemdsplan-/årsplan for 1994. Departementet forventer at opplysningane som blir fyllt ut i dei standardiserte tabelloppsetta blir henta frå FIOL. Dersom talmaterialet viser avvik i høve til totaltalet p.g.a. mangelfull rapportering til databasen, må ein rapportere dette verbalt i tillegg til rapporteringen i tabellform. For å oppfylle departementet sitt ønskje om berre éin rapporteringsmåte for forskinga, er det viktig at talmaterialet frå ulike rapporteringsmåtar ikkje blir blanda saman i den endelige rapporten til departementet.

All ressursinnsats, òg ressursinnsats knytt til verksemd som er eksternt finansiert (inkl. arbeid for trygd), skal reknast med i tabellane. Samla ressursinnsats blir oppgitt i 1000 kr.

#### 3.1 Ressursinnsats, verksemdsområde

Departementet ønsker på same måte som i fjar ein detaljert og spesifisert inndeling i verksemdsområde og årstall. Føremålet er å betre oversikten over ressursforbruket i verksemda. Verksemdområda, saman med forklarande tekst, er lagt inn i forklaringane til FIOL.

Ressursinnsats på undervisningsområda blir rekna ut på grunnlag av tidsforbruk hos vitskapleg og teknisk/administrativt personale. Til dette legg ein til delen av driftskostnadane som blir ført til dette verksemdsområdet.

Opplæring/eigenutvikling og hjelpe- og støttefunksjonar blir knytt til den interne administrasjonen. Permisjon og sykdom går inn i årsverkinnssatsen innan dei einskilde verksemdområda.

### **3.2 Ressursinnsats, forsking**

Ressursinnsatsen fordelt på nasjonale satsingsområde og Landbruksdepartementet sine satsingsområde skal angis. På same måten gir ein opp total forskingsinnsats og innsats i miljøforskning. Inndelinga saman med forklarande tekst er lagt inn i forklaringane til FIOL.

## **4. RESULTAT**

Resultata som er oppnådd i 1994 skal ein omtale i.f.t. måla i St.prp. nr. 1 for 1994 og institusjonen sin målstruktur elles. Større avvik i.f.t. planlagde resultat må ein kommentere. Departementet vil understreke kravet om at ein berre skal rapportere relevant informasjon for Storting og departement og at rein aktivitetsrapportering utan direkte tilknyting til måloppnåing derfor ikkje skal takast med.

Ressursutnyttinga (forholdet mellom ressursbruk og resultat) bør ein rapportere i form av ein skilde nøkkeltal.

### **4.1 FORSKING, FORSKARREKRUTTERING OG FORSKINGSFORMIDLING**

#### **4.1.1 Utreiings- og forskingskompetanse**

Departementet ber om at det blir oppgitt kor mange forskingsoppdrag og utredningsoppdrag SPV totalt har tatt på seg i 1994.

#### **4.1.2 Forskarrekruttering**

Dette avsnittet skal gi ei beskriving av innsatsen i forskarrekrutteringa i 1994 og kva tiltak som har vore viktige for utviklinga i forskarrekrutteringa.

#### **4.1.3 Forskingsformidling**

Departementet ønskjer at den vitskaplege formidlinga blir prioritert. Rapporteringa frå forskingsformidlinga skal femne om tallfesting av vitskapleg formidling generelt (vitskaplege artiklar i vitskaplege tidsskrift) og artiklar i vitskaplege tidsskrift med omdømmingsordning spesielt. Det er utarbeidd rapport i FIOL for innhenting av informasjon om vitskapleg publisering.

#### **4.1.4 Planteverntiltak**

Departementet ber om at det i så stor grad som mogleg blir rapportert på desse indikatorane, jf. St.prp. nr. 1 for 1994:

- Nye planteverntiltak
- Tal på skadegjerarproblem der ein manglar tilfredstillande metodar
- Nye tiltak/metodar i plantevernråsgivinga
- Tilgang og avgang på tilfelle der skadegjerarar har opptrådd
- Tal på spesielle tiltak pr. år

## **4.2 EFFEKTIVISERING OG KVALITETSSIKRING (NOREGSNETTET, INTERNASJONALISERING)**

Departementet ser på Noregsnettet og internasjonalt forskingssamarbeid som viktige virkemiddel for effektivisering og kvalitetssikring av forskinga. Det er nødvendig å utvikle tidsseriar på områda.

### **4.2.1 Forskingssamarbeid; resultatindikatorar for nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid**

Det er utvikla felles resultatindikatorar for forskingsinstitusjonane for å styrke rapporteringa m.o.t. forskingssamarbeid. Departementet ber om rapport på følgjande indikatorar:

- Tal på prosjektsamarbeid med utanlandske institusjonar
- Tal på prosjektsamarbeid med andre forskingsinstitusjonar i Noreg
- Tal på forskarar frå institusjonen som har opphold ved utanlandske institusjonar i meir enn 1 månad
- Tal på utanlandske forskarar som har opphold ved institusjonen i meir enn 1 månad

### **4.2.2 Kvalifikasjonar/forskarutdanning**

Tal på doktorgradar, gjennomsnittleg gjennomføringstid (med frådrag for permisjon for dei uteksaminerte).

## **4.3 SATSINGSMÅL**

Departementet har behov for betre rapportering på utvalde satsingsområde. Det er utvikla felles resultatindikatorar for institusjonane til bruk på aktuelle satsingsområde. Indikatorane er meint å fange opp satsingsområdet sin profil/status på sentrale (verksemd)område.

### **4.3.1 Miljø- og forurensingsforskning**

Under dette avsnittet skal ein gi ei særskild omtale av miljøsatsing til SPV i 1994. Under punktet reknar ein forsking og andre aktivitetar som heilt eller delvis har sin grunngjevnad i den overordna målsettinga om å sikre ei berekraftig utvikling. Formålet med aktivitetane må ein kunne avleie av hovudmåla som er spesifisert i St.meld. nr. 46 (1988-89) «Miljø og utvikling». Aktivitetar på andre hovudområde der omgrepene miljø førekjem skal ein ikkje rekne med. Verksemd utanom forsking som er relevant i miljøsamanheng skal ein òg skildra. Ressursforbruk knytt til denne verksemda skal ein gi opp i 1000 kr.

#### 4.3.2 Felles sett indikatorar for satsingsområde

Departementet ber med dette Planteforsk/SPV rapportere satsinga innan miljø- og forureningsforskning og eventuelle andre satsingsområde under institusjonen, etter følgjande indikatorar:

##### Forsking

- Tal på eigenfinansierte og delfinansierte prosjekt med ressursinnsats (beløp)
- Tal på innvilga søknadar til forskningsprogram på satsingsområdet, ressursinnsats
- Tal på oppdrag, ressursinnsats
- Totalt tal prosjekt og sum ressursinnsats

##### Formidling

- Tal på artiklar i norske og internasjonale tidsskrift med omdømmingsordning
- Tal på populærvitenskapelege artiklar
- Tal på foredrag
- Tal på intervju i media
- Opplag og tal på eksemplar som er selt av institusjonen sine publikasjonar

# VEDLEGG 1B TIL BUDSJETTRUNDSKRIVET FOR 1996 TIL PLANTEFORSK

## RAPPORT 1994 FRÅ AFL

### 1. INNLEIING

Rapportdelen av Planteforsk/SFL sitt budsjettframlegg for 1996 må utviklast vidare for å tilpasse rapporteringa frå AFL i 1994 til det arbeidet som er nedlagt i å formulere resultatmål og resultatindikatorar for AFL. Landbruksdepartementet ber Planteforsk/SFL om i så stor grad som mogleg å rapportere på resultatindikatorane for AFL slik dei har framgått i budsjettet for 1994.

### 2. FINANSIERING

AFL skal angi og kommentere korleis institusjonen har skaffa midler til drifta ved hjelp av følgjande tabell:

*Tabell 1: Finansieringskjelder*

År	Ordinære midler over statsbudsjettet		Forskningsråda		Andre finansieringskjelder		Totalt
	Beløp	%	Beløp	%	Beløp	%	Beløp
1992							
1993							
1994							

### 3. RESSURSINNSATS

Rapporten skal gi eit samandrag av ressursinnsatsen i.f.t. institusjonen sin verksemdsplan-/årsplan for 1994. Departementet forventer at opplysningane som blir fyllt ut i dei standardiserte tabelloppsetta blir henta frå FIOL. Dersom talmaterialet viser avvik i høve til totaltalet p.g.a. mangelfull rapportering til databasen, må ein rapportere dette verbalt i tillegg til rapporteringen i tabellform. For å oppfylle departementet sitt ønskje om berre éin rapporteringsmåte for forskinga, er det viktig at talmaterialet frå ulike rapporteringsmåtar ikkje blir blanda saman i den endelige rapporten til departementet.

All ressursinnsats, òg ressursinnsats knytt til verksemd som er eksternt finansiert (inkl. arbeid for trygd), skal reknast med i tabellane. Samla ressursinnsats blir oppgitt i 1000 kr.

#### 3.1 Ressursinnsats, verksemdsområde

Departementet ønsker på same måte som i fjor ein detaljert og spesifisert inndeling i verksemdsområde og årstall. Føremålet er å betre oversikten over ressursforbruket i verksemda. Verksemdområda, saman med forklarande tekst, er lagt inn i forklaringane til FIOL.

Ressursinnsats på undervisningsområda blir rekna ut på grunnlag av tidsforbruk hos vitskapleg og teknisk/administrativt personale. Til dette legg ein til delen av driftskostnadane som blir ført til dette verksemdsområdet.

Opplæring/eigenutvikling og hjelpe- og støttefunksjonar blir knytt til den interne administrasjonen. Permisjon og sykdom går inn i årsverkinnsatsen innan dei einskilde verksemdområda.

### **3.2 Ressursinnsats, forsking**

Ressursinnsatsen fordelt på nasjonale satsingsområde og Landbruksdepartementet sine satsingsområde skal angis. På same måten gir ein opp total forskingsinnsats og innsats i miljøforskning. Inndelinga saman med forklarande tekst er lagt inn i forklaringane til FIOL.

## **4. RESULTAT**

Resultata som er oppnådd i 1994 skal ein omtale i.f.t. måla i St.prp. nr. 1 for 1994 og institusjonen sin målstruktur elles. Større avvik i.f.t. planlagde resultat må ein kommentere. Departementet vil understreke kravet om at ein berre skal rapportere relevant informasjon for Storting og departement og at rein aktivitetsrapportering utan direkte tilknyting til måloppnåing derfor ikkje skal takast med.

Ressursutnyttinga (forholdet mellom ressursbruk og resultat) bør ein rapportere i form av einskilde nøkkeltal.

## **4.1 FORSKING, FORSKARREKRUTTERING OG FORSKINGSFORMIDLING**

### **4.1.1 Utreiings- og forskingskompetanse**

Departementet ber om at det blir oppgitt kor mange forskingsoppdrag og utredningsoppdrag SFL totalt har tatt på seg i 1994.

### **4.1.2 Forskarrekruttering**

Dette avsnittet skal gi ei beskriving av innsatsen i forskarrekrutteringa i 1994 og kva tiltak som har vore viktige for utviklinga i forskarrekrutteringa.

### **4.1.3 Forskingsformidling**

Departementet ønskjer at den vitskaplege formidlinga blir prioritert. Rapporteringa fra forskingsformidlinga skal femne om tallfesting av vitskapleg formidling generelt (vitskaplege artiklar i vitskaplege tidsskrift) og artiklar i vitskaplege tidsskrift med omdømmingsordning spesielt. Det er utarbeidd rapport i FIOL for innhenting av informasjon om vitskapleg publisering.

### **4.1.4 Sortsmateriale for norske tilhøve**

Det bes om at det i så stor grad som mogleg blir rapportert på følgjande indikatorar(jfr. St.prp. nr. 1 for 1994):

- Tal på sortar, som NFL har ansvaret for som blir godkjend/tilrådd
- Omsetnad, av sortar der NFL er foredlar i høve til total omsetnad
- Tal på norske og utanlandske sortar som blir godkjend og ikkje godkjend
- Delen av norskprodusert korn i matmjøl, gjennomsnitt siste 5 år

## **4.2 EFFEKTIVISERING OG KVALITETSSIKRING (NOREGSNETTET, INTERNASJONALISERING)**

Departementet ser på Noregsnettet og internasjonalt forskingssamarbeid som viktige virkemiddel for effektivisering og kvalitetssikring av forskinga. Det er nødvendig å utvikle tidsseriar på områda.

### **4.2.1 Forskingssamarbeid; resultatindikatorar for nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid**

Det er utvikla felles resultatindikatorar for forskingsinstitusjonane for å styrke rapporteringa m.o.t. forskingssamarbeid. Departementet ber om rapport på følgjande indikatorar:

- Tal på prosjektsamarbeid med utanlandske institusjonar
- Tal på prosjektsamarbeid med andre forskingsinstitusjonar i Noreg
- Tal på forskarar frå institusjonen som har opphold ved utanlandske institusjonar i meir enn 1 månad
- Tal på utanlandske forskarar som har opphold ved institusjonen i meir enn 1 månad

### **4.2.2 Kvalifikasjonar/forskarutdanning**

Tal på doktorgradar, gjennomsnittleg gjennomføringstid (med frådrag for permisjon for dei uteksaminerte).

## **4.3 SATSINGSOMRÅDE**

Departementet har behov for betre rapportering på utvalde satsingsområde. Det er utvikla felles resultatindikatorar for institusjonane til bruk på aktuelle satsingsområde. Indikatorane er meint å fange opp satsingsområdet sin profil/status på sentrale (verksemd)område.

### **4.3.1 Miljø- og forurensingsforskning**

Under dette avsnittet skal ein gi ei særskild omtale av miljøsatsing til NFL i 1994. Under punktet reknar ein forsking og andre aktivitetar som heilt eller delvis har sin grunngjevnad i den overordna målsettinga om å sikre ei berekraftig utvikling. Formålet med aktivitetane må ein kunne avleie av hovudmåla som er spesifisert i St.meld. nr. 46 (1988-89) «Miljø og utvikling». Aktivitetar på andre hovudområde der omgrepet miljø førekjem skal ein ikkje rekne med. Verksemd utanom forsking som er relevant i miljøsamanheng skal ein også skildra. Ressursforbruk knytt til denne verksemda skal ein gi opp i 1000 kr.

### **4.3.2 Bygdeutvikling/næringsutvikling**

Det skal gis ei særskild omtale av institusjonen si satsing på området i 1994.

#### 4.3.3 Felles sett indikatorar for satsingsområde

Departementet ber med dette Planteforsk/SFL rapportere satsinga innan miljø- og forureningsforsking, bygdeutvikling/næringsutvikling og eventuelle andre satsingsområde under institusjonen, etter følgjande indikatorar:

##### Forsking

- Tal på eigenfinansierte og delfinansierte prosjekt med ressursinnsats (beløp)
- Tal på innvilga søknadar til forskingsprogram på satsingsområdet, ressursinnsats
- Tal på oppdrag, ressursinnsats
- Totalt tal prosjekt og sum ressursinnsats

##### Formidling

- Tal på artiklar i norske og internasjonale tidsskrift med omdømmingsordning
- Tal på populærvitenskapelege artiklar
- Tal på foredrag
- Tal på intervju i media
- Opplag og tal på eksemplar som er selt av institusjonen sine publikasjonar

## Vedlegg 1

### RAPPORT 1994 FOR NISK

#### 1 INNLEIING

Landbruksdepartementet ber NISK om i så stor grad som mogleg å rapportere på resultatindikatorane slik dei framgår nedanfor, og som skissert i St.prp. nr. 1 (1993-94) for budsjetterminen 1994. Ressursinnsats som blir rapportert gjennom FIOL treng ikkje takast inn i institusjonen sin rapport dersom det ikkje er særskilt bede om det i det etterfølgjande.

#### 2 FINANSIERING

I dette avsnittet skal institusjonen med utgangspunkt i tabell 1 nedanfor kort kommentere korleis det er skaffa midlar til drifta.

*Tabell 1: Finansieringskjelder (1000 kr)*

År	Ordinære midlar over statsbudsjettet		Forskningsrådet		Andre finansieringskjelder		Totalt
	Beløp	%	Beløp	%	Beløp	%	
1992							
1993							
1994							

#### 3 RESSURSINNSATS FORDELT PÅ VERKSEMDOMRÅDE

Departementet ønskjer på same måte som tidlegare år ei fordeling av ressursinnsatsen på verksemdområde slik det framgår av tabell 2. Tala i tabellen kan institusjonen henta i FIOL. Med utgangspunkt i tabellen skal institusjonen kommentere større endringar i forhold til 1993 og også vesentlege avvik i forhold til verksemdsplanen. All ressursinnsats, også innsats knytt til verksemd som er eksternt finansiert, skal takast med i tabellen.

Ressursinnsatsen innan kandidatutdanning og forskarutdanning skal reknast ut på grunnlag av tidsforbruket hos vitskapleg og teknisk/administrativt personell med tillegg av ein høveleg del av dei driftskostnadene som er knytt til dette personellet.

Opplæring/eigenutvikling og hjelpe- og støttefunksjonar skal førast under den interne administrasjonen i fagavdelingane og administrasjonsavdelinga. Permisjon og sjukdom skal inngå i årsverkinnsatsen på dei enkelte verksemdsområda. Verksemddssområda saman med forklarande tekst er lagt inn i forklaringane til FIOL.

*Tabell 2: Ressursinnsats (1000 kr) fordelt på verksemdområde og årstal*

Verksemdområde	1993 Beløp	1994 Beløp
Forsking		

Kandidatutdanning			
Forskarutdanning			
Anlegg for:			
- gardsdrift			
- drift av andre forsøksanlegg			
Internasjonale konsulenttenester			
Klinikkverksemd			
Rådgjeving/anna fagleg verksemd			
Sum for verksemdområda			
Intern administrasjon i fagavd./inst.			
Intern adm. i adm.avd			
Tekniske støttefunksjonar.			
Sum interne aktivitetar			
Samla ressursinnsats			

## 4 RESULTAT

### 4.1 Resultat i forhold til institusjonen sine hovudmål

Dei resultat som er oppnådde i 1994 skal omtala i forhold til hovudmåla for NISK, jf. St.prp. nr. 1 for 1994 og institusjonen sin målstruktur elles, jf. delmål på side 5 i strategisk plan 1993-96. Større avvik i.f.t. planlagte resultat i verksemplanen må kommenterast.

### 4.2 Resultat i forhold til generelle innsatsområde

Departementet ber om at det blir gitt ein omtale av tiltak, utvikling og resultat ved institusjonen i 1994 innan følgjande område:

- utgreiings- og forskingskompetanse
- grunnforskning og forskarrekrytering
- forskingsformidling
- nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid. Noregsnettet

Der det er utvikla resultatindikatorar for områda, jf. pkt. 4.3 og 4.4 i det etterfølgjande, kan institusjonen i omtalen vise til desse.

### 4.3 Resultat innan landbruksdepartementet sine satsingsområde

Departementet har behov for betre rapportering på *utvalde* satsingsområde. Det er utvikla eit felles sett resultatindikatorar, jfr. pkt. 4.3.3 nedanfor, for institusjonane til bruk på aktuelle satsingsområde. Indikatorene er meint å fange opp profilen/statusen innan satsingsområdet.

#### 4.3.1 Miljø- og forureiningsforskning

Institusjonen skal gi ein særskild omtale av miljøsatsinga ved institusjonen i 1994. Under dette punktet inngår forsking og andre aktivitetar som heilt eller delvis er grunngitt i den overordna

målsettinga om å sikre ei berekraftig utvikling. Formålet med aktivitetane må kunne avleiaſt av dei hovudmål som er spesifisert i St.meld. nr. 46 (1988-89) "Miljø og utvikling". Aktivitetar på andre hovudområde der omgrepene miljø førekjem skal ikkje reknast med, f.eks. indre miljø og ordinære helsetiltak. Verksemd utanom forsking som er relevant i miljøsamanheng skal òg omtalast, og ressursforbruk knytt til denne verksemda skal førast opp

#### **4.3.2 Næringsutvikling, foredling og marknad.**

Institusjonen skal gi særskild omtale av innsatsen innan dette satsingsområdet.

#### **4.3.3 Felles sett indikatorar for utvalde satsingsområde**

Departementet ber institusjonen rapportere satsinga innan satsingsområde nemnde under 4.3.1 og 4.3.2 etter følgjande indikatorar:

Forskning:

- Talet på eigenfinansierte og delfinansierte prosjekt med ressursinnsats (beløp)
- Talet på godkjende søknader til forskningsprogram på satsingsområdet, ressursinnsats
- Talet på oppdrag, ressursinnsats
- Totalt tal på prosjekt og sum ressursinnsats.

Formidling:

- Talet på artiklar i norske og internasjonale tidsskrift med bedømmingsordning
- Talet på populærvitskaplege artiklar
- Talet på foredrag
- Talet på intevju i media
- Opplag og tal på selde eksemplarar av institusjonen sine publikasjonar.

#### **4.4 Resultatindikatorar**

Departementet ber om at det på same måte som i budsjettet for 1993 blir innrapportert resultatindikatorar for nedanståande resultatmål (jfr. tildelingsbrevet for 1994). Før òg opp indikatorane for 1993!

- Resultatmål 1: Forskingsformidling
- Resultatmål 2: Auka effektivitet i forskarutdanninga
- Resultatmål 3: Auka utveksling av stipendiatar og forskarar med utanlandske forskingsinstitusjonar
- Resultatmål 4: Auka kunnskapsformidling til samfunn og næringsliv gjennom populærvitskaplege artiklar og anna kunnskapsformidling
- Resultatmål 5: Utvikle kompetanse om samanhengane i skog slik at mangfaldet i skogen kan bli opprettholdt samstundes som skogbruket sin posisjon i norsk næringsliv kan bli opprettholdt og styrkt

## VEDLEGG 2

Skjema for faste organiserte og tidsavgrensa stillingar pr.01.01.95.

Kode	Nemning for stillinga	Ltr.	Talet på heimlar	
			Faste	Tidsavgrensa
			2 år	4 år
Gr. 1	Direktør			
	Avdelingsdirektør			
	Forskingssjef			
	Professor			
Gr. 2	Leiarstillingar			
	Forskings- og undervisningsstillingar			
	Sakshandsamar			
	Ingeniørstillingar			
	Teknikarstillingar			
	Kontorstillingar			
	Oppdragsstillingar			
	Rådgivar			
	Prosjektleiar			
Sum				